

Fire parti-leiarar frå Uskedalen




Partileiar frå Uskedalen: Elin Legland (Foto: Ola Matti Mathisen)

Uskedalen fekk fire representantar i det nye kommunestyret, og no har bygda også fått fire partileiarar! Nummer fire er Elin Legland.

Legland vart vald som partileiar då Senterpartiet nyleg hadde årsmøte på AFA. Ho avløyser Nils Magne Kloster frå Halsnøy, som har leia partiet i to år.

Legland er ikkje medlem av kommunestyret, men ho er også vald som nestleiar i den viktige forvaltningskomiteen.



Partileiar frå Uskedalen: Kjell Yri (Foto: Kristian Hus)

Frå før er uskedalingane Tove Lill Lakselv, Gunn Mari Moberg og Kjell Yri leiarar for Framstegspartiet, Høgre og Venstre i Kvinnherad.

Framstegspartiet har også nyleg hatt årsmøte, men der var det ikkje leiarval. Tove Lill Lakselv vart i fjor vald for to år.



Partileiarar frå Uskedalen: Tove Lill Lakselv og Gunn Mari Moberg (Foto: Ola Matti Mathisen)